

1

dok 166

200605811	30.11.06
Kode Ki-501	Beh.....

Kyrkjeleg fellesråd

Utvalgssaksnr.: 024/06

Arkivsak 06/00047

Dato: 06.11.2006
Arkivsak-navn: STAT/KYRKJE
Saksbehandlar: Helga Hebnes
Dokumentnavn: STAT - KYRKJE - HØYRINGSSVAR
Dokumentnummer: 06/00047-004
Løpenummer: 000303/06
Arkivkode: 002

FAKTA:

Stat – kyrkje – utvalet vart oppnemnt for å gi grunnlag for å ta ei avgjerd om statskyrkjeordninga skal førast vidare, reformerast eller avviklast.

Mandatet la til grunn at Den norske kyrkja framleis skal vera ei "bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke". I tillegg til sjølve ordningsspørsmålet vart utvalet bede om å vurdere finansieringsordningar, gravferdsforvaltning og ordningar for freda og verneverdige kyrkjer. Eigeomsretten til kyrkjer, kyrkjegardar og Opplysningsvesenets fond ved eit event. opphøyr av statskyrkjeordninga skulle også vurderast.

Utvalet har lagt fram si innstilling og sendt den ut til høyring. Fristen for uttale er 1. desember 2006.

VURDERING:

Finnøy kyrkjelege fellesråd støttar fleirtalet i utvalet som meiner at me må ha ei folkekyrkje som er forankra i lov. Ei slik kyrkje kan framleis ha sterk tilknytning mellom det norske folk og Den norske kyrkja. Tilhøve mellom kyrkje og folk er for fleirtalet langt viktigare enn tilhøve mellom kyrkje og stat. Den norske kyrkja som folkekyrkje må framstå som mest mulig gjenkjenneleg etter ei eventuell endring i tilhøve mellom kyrkje og stat, men med ei anna styringsform og større grad av sjølvstyre.

Om lag 84% av innbyggjarane er medlemmer i Dnk. I 2004 vart 83,1% døypte, 85,1% konfirmert og 95,5% gravlagde ved kyrkjeleg handling i Stavanger bispedømme. Den store oppslutninga om folkekyrkja tilseier at Den norske kyrkja bør ha ei særstilling som trussamfunn. Det at Stortinget vedtek ei eiga kyrkjelov vil avspegle denne særstillinga.

Det er framleis nødvendig og ønskjeleg med ein nær relasjon mellom Staten og Den norske kyrkja. Behov for endra styringsform, der kyrkjelege organ sjølv avgjer utnemning av biskopar og prostar, og der avgjerder om kyrkja sitt "indre liv" blir tekne av eigne kyrkjelege organ, er likevel nødvendig. Statskyrkjeordninga må opphevast, og Den norske kyrkja må bli eit sjølvstendig rettssubjekt med eigne styringsorgan og med sjølvstendig ansvar for alle saker som har med kyrkja si tru og verksemd å gjera. Dei indre forhold i Den norske kyrkja må regulerast gjennom ei kyrkjeordning som vert vedteken av kyrkjemøtet.

Den norske kyrkja bør bli forankra i ei kyrkjelov som vert vedteken av Stortinget, og at kyrkja har frihet som eit trussamfunn.

Den norske kyrkja er og må framleis vera ei landsdekkande kyrkje. Det skal og må framleis vera lik tilgang til forkynning av evangeliet og tenester som dåp, nattverd, vigsel og gravferd i heile landet. Modellar for finansiering må støtte opp under dette. Medlemmene sin privatøkonomi skal ikkje vera avgjerande for mulighet til å stå som medlem av Den norske kyrkja. Dåpen skal framleis vera einaste medlemskriterium. Det er derfor eit ønskje om ei kyrkje som blir finansiert av det offentlege, utan medlemsavgift. Staten bør dekke løns og personalutgifter for alle kyrkjeleg tilsette og driftsutgifter til kyrkjeleg opplæring, kommunale tilskot skal dekke bygging, forvaltning, vedlikehald og drift av kyrkjene. Det er behov for auka tilgang på ressurser til Den norske kyrkja for å utvikle kyrkja sin viktige rolle i samfunnet.

Det er om lag 1290 sokn i heile landet. Soknet er den juridiske eininga og eig kyrkjene. Mykje av kulturarven vår er knytt til gode tradisjonar som samlar lokalsamfunnet og der kyrkje og kyrkjelyd har ein naturleg plass. Derfor dette takast vare på og vidareutviklast. Sokna bør framleis vera den grunnleggjande eininga og dei bør og framleis eiga kyrkjene. Kyrkjebygga må takast vare på både som kulturbygg og lokale for kristen verksemd. Det bør etablerast særskilte finansieringsordningar for freda og verneverdige kyrkjer, uavhengig av den framtidige relasjonen mellom stat og kyrkje.

I dag er det sokna v/kyrkjeleg fellesråd som i dei fleste kommunar har ansvar for forvaltning av gravferdsordninga. Sokna v/fellessråda bør framleis stå som eigar av kyrkjegardane. Dei aller fleste gravferder blir forretta av prestar i Den norske kyrkja. På stader der kyrkjegardene ligg ved kyrkjebygga, vil det bli vanskeleg å skilja ut kyrkjegarden og gjera den kommunal. Dette gjeld dei fleste stader i bygdeNoreg. Gjennom gravferdsforvaltninga tenar Den norske kyrkja alle trussamfunn. Me kan ikkje sjå at det blir gjort på ein slik måte at det diskriminerer medlemmer av andre trus og livssynssamfunn. Kyrkjeleg fellesråd går derfor inn for at kyrkja framleis ivaretar gravferdsforvaltninga.

Vedtak

Kyrkjeleg fellesråd ønskjer å gje eit høyringsvar og det vart stemt over spørsmåla til høyringsinstansane med følgjande resultat.

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: Finnøy kyrkjelege fellesråd

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Den norske kyrkja er og må framleis vera ei landsdekkande kyrkje. Det skal og må framleis vera lik tilgang til forkynning av evangeliet og tenester som dåp, nattverd, vigsel og gravferd i heile landet. Modellar for finansiering må støtte opp under dette. Medlemmene sin privatøkonomi skal ikkje vera avgjerande for mulighet til å stå som medlem av Den norske kyrkja. Dåpen skal framleis vera einaste medlemskriterium.

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette (1 stemme)
- Bør avvikles (5 av 7 stemmer)
- Vet ikke / ønsker ikke å svare (1 stemme)

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
 Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
 Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift (3 stemmer)
 Offentlig finansiering uten medlemsavgift (4 stemmer av 7)
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag (6 stemmer)
 Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttsende organer
 Vet ikke / ønsker ikke å svare (1 stemme)

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
 De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene (6 st)
 Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget (7 stemmer)
 Det humanistiske verdigrunnlaget
 At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke (5 stemmer)
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:


7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?


- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellelsråd)
 Kommunen
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret (6 stemmer)
 Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Finnøy 23.11.06


 Ingebjørg Byørklund Vignes
 leiar


 Helga Hebnes
 kyrkjevevjerje